



Det er viktig at Uskedalen er vakker og velstelt når vi no har gått inn i juli - feriemånaden framfor nokon, då det er grunn til å venta mange gjester. Vakker er han frå før, men er han også velstelt?

Ein "inspeksjonsrunde" kom ut med eit positivt resultat, også med omsyn til det som har vore eit problem lenge: Bosset!

Vi har så langt ikkje observert misbruk av containaren ved Gamleskulen og heller ikkje at nokon har slengt søppel rundt containaren i båthamna, som no står open. Den einaste staden vi såg søppel var rundt gråtassen – bak oppslagstavla. Der var det mykje ispaper!

Og når det gjeld blomeprakten er han i høg grad til stades, både langs riksvegen, vegen langs elva (biletet over) og i dei to båthamnene (biletet under). Stutt sagt: Ikkje noko spesielt å setta fingaren på.

Velkome til Uskedalen!.

Av Ola Matti Mathisen

